

**Protokollar**

**2006**

**Styre og**

**Rep. skap for**

**VØR**



## MØTEBOK FOR REPRESENTANTSKAPET I VØR

Det vart halde møte i representantskapet i VØR torsdag 27.06.07 på Miljøstasjonen.  
Møtet tok til kl. 16.00  
Møtet slutta kl. 17.00

Desse møtte:  
Gudny Fagerhol  
Per A. Vatne  
Signe Turid Barstad  
Nils Trovåg  
Knut Steinsvik  
Oddrun Aarflot  
Vigleik Hustadnes

Ann Britt Våge Fannemel møtte på vegne av styret. Petter Bjørdal møtte på vegne av administrasjonen. Gudny Fagerhol leia møtet. Marthe Styve Holte hadde meldt fråfall. Turid Krumsvik vart innkalla, men møtte ikkje.

Signe turid Barstad og Knut Steinsvik vart valt til å skrive under møteboka.  
Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

### **REP. SAK NR 01-07:        ÅRSMELDING 2006**

#### **VEDTAK ( 7 RØYSTEFØRE)**

Representantskapen godkjenner den framlagde årsmelding 2006 dagsett 24.04.07 slik den ligg føre.

#### *Handsaminga:*

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga frå styret.

### **REP. SAK NR 02-07:        REKNESKAP 2006**

#### **VEDTAK ( 7 RØYSTEFØRE)**

1. Representantskapen godkjenner den framlagde rekneskapen slik den ligg føre.
2. Representantskapen vedtek å overføre overskotet, stort kr 3.043.402,- slik:  
Til bunde fond slambehandling kr 355.433,-  
Til bunde fond hushaldningsrenovasjon kr 1.917.080,-  
Til annan eigenkapital kr 770.889,-

#### *Handsaminga:*

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga frå styret.

### **REPSAK NR 02-06: ØKONOMIPLAN 2006-2009**

#### **VEDTAK ( 7 RØYSTEFØRE)**

Representantskapen vedtek slik økonomiplan for VØR for perioden 2008 – 2011.

<i>Tiltak</i>	<i>Effekt på gebyret pr år Investering</i>	
a) Sluttfinsiering av grunnkjøp for å sikre areal til omlasting av avfall og handsaming av hageavfall i 2008.	Kr 0,-	Kr 3.000.000,- ( Stipulert tal)
b) Etablering av omlastingsstasjon for våtorganisk avfall 2009	Kr 30,-	Kr 5.000.000,-
c) Kjøp av tredje avfallsdunken til våtorganisk avfall i 2009	Kr 30,-	Kr 1.200.000,-


*Handsaminga:*

Saka vart samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga frå styret.

**REP.SAK NR 05-07. DRIFT AV VØR - ORIENTERING.**

Dagleg leiar orienterte om VØR sin drift. Representantskapen tok orienteringa til vitande.

Rett utskrift 27.06.07

  
Gudny Fagerhol  
Leiar

  
Signe Turid Barstad

Knut Steinsvik



  
Petter Bjørdal  
referent

## MØTEBOK FOR REPRESENTANTSKAPET I VØR

Det vart halde møte i representantskapet i VØR *innslag* 13.11.06 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 16.00

Møtet slutta kl. 17.00

Desse møtte:

Gudny Fagerhol

Per A. Vatne

Signe Turid Barstad

Nils Trovåg

Vigleik Hustadnes

Reidun Heimen Heltne

Bjørn Ytrestøyl

Knut Steinsvik, Oddrun Aarflot og Marthe Styve Holte melde avbod. Reidun Heimen Heltne og Bjørn Ytrestøyl var kalla inn og møtte. Turid Krumsvik melde avbod då ho ikkje hadde høve til å stille på kort varsel.

Ann Britt Våge Fannemel møtte på vegne av styret. Petter Bjørdal møtte på vegne av administrasjonen. Gudny Fagerhol leia møtet.

Reidun Heimen Heltne og Nils Trovåg vart valt til å skrive under møteboka.

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Nytilsett sjef i Retura Søre Sunnmøre AS, Bent Nilsen presenterte seg sjølv for representantskapen ved innleiinga til møtet.

### R.SAK 04-06. BUDSJETT 2007 - VØR

#### VEDTAK ( 7 RØYSTEFØRE)

Representantskapen rår kommunestyra i Volda og Ørsta å gjere slikt vedtak:

1. Kommunestyret vedtek i medhald av lov av 21 juni 1996, nr 6 om vern mot forureining og avfall, slike satsar for avfallsgebyr for 2007.

1.1 Hushaldningsgebyr pr abonnent:	Eks mva	Inkl mva
a) Småhushald. Henting annakvar veke 140 L	kr 1815,00	kr 2268,75
b) Standardhushald Henting kvar veke 140 L	kr 2175,00	kr 2718,75
c) Storhushald. Henting kvar veke 240 L	kr 3960,00	kr 4950,00
d) Standardhushald med kompostering Henting annakvar veke 140 L	kr 1635,00	kr 2043,75
e) Samarbeid inntil 2 abonnentar, Henting annakvar veke 140L; pr abonnent	kr 1740,00	kr 2175,00
f) Samarbeid inntil 2 abonnentar, Henting kvar veke 140L; pr abonnent	kr 1940,00	kr 2425,00
g) Samarbeid 240L eller større, Henting kvar veke inntil 140L; pr abonnent	kr 2045,00	kr 2556,25
h) Renovasjon hytte / fritidshus	kr 644,00	kr 805,00
i) Renovasjon hyblar	kr 1085,00	kr 1356,25
j) Henteavtale kvar veke	kr 390,00	kr 487,50

k) Henteavtale kvar 14 dag	kr 242,00	kr 302,50
1.2. Pris pr kolli sekk:	kr 49,00	kr 61,25
1.3 SLAM		
HEILÅRSBUSTAD.	Eks mva	Inkl mva
a) Gebyr pr tank inntil 4,5 m3 heilårsbustad	kr 767,00	kr 958,75
b) Gebyr for to husvære m. tank intil 7 m3	kr 1215,00	kr 1518,75
c) Gebyr for 3 husstandar m. tank intil 10 m3	kr 1812,00	kr 2265,00
d) Gebyr for årleg tøming av tank intil 4,5 m3	kr 1534,00	kr 1917,50
e) Gebyr pr m3 over 4,5 m3	kr 360,00	kr 450,00
f) Gebyr pr m3 fellestankar > 10 m3	kr 290,00	kr 362,50
FRITIDSBUSTAD		
g) Gebyr pr tank inntil 4,5 m3	kr 383,00	kr 478,75
h) Gebyr for to husvære m. tank intil 7 m3	kr 607,00	kr 758,75
i) Gebyr for 3 husstandar m. tank intil 10 m3	kr 880,00	kr 1100,00
j) Gebyr for årleg tøming av tank intil 4,5 m3	kr 1534,00	kr 1917,50
k) Gebyr pr m3 over 4,5	kr 360,00	kr 450,00

Slammet skal tømast annakvart år for heilårsbustad og kvart fjerde år for fritidsbustad.


*Handsaminga:*

Saka vart samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga frå styret.


**REP.SAK NR 05-06. DRIFT AV VØR - ORIENTERING.**

Dagleg leiar orienterte om VØR sin drift. Representantskapen tok orienteringa til vitande.

Rett utskrift 13.11.06

  
Gudny Fagerhol  
Leiar

  
Reidun Heimen Heltne

Nils Trovåg  


  
Petter Bjørdal  
referent

# PROTOKOLL

## STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 24.04.07 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 16.05

Møtet slutta kl. 18.00

Desse møtte:

Ann Britt Våge Fannemel

Ivar Aarskog

Ove Lid

Reidun Vigestad Berge

Odd Martin Svensli

Fråfall: Gudny Fagerhol. Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal og Gunn Velle Tranvåg. Ann Britt Våge Fannemel leia møtet. Petter Bjørdal førte møteboka. Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

### SAKLISTE:

#### SAK 09-07. REFERATSAKER

- Kopi av brev frå Turid Rønning
- Remmereit - forsøk – muntleg orientering
- Medlemsblad Avfall Norge nr 2/2007
- Nyhetsbrev Elretur
- Lay out VØR sin nye heimeside
- Klipp fra Ren-nytt
- Avfallskonferansen i Bodø
- Orientering frå dagleg leiar om møte vedk. E-faktura.
- 

#### SAK 10-07. ÅRSMELDING 2006

Styret rår representantskapen til å gjere slikt vedtak:

Representantskapen godkjenner den framlagde årsmelding 2006 dagsett 24.04.07 slik den ligg føre.

#### VEDTAK ( 5 RØYSTEFØRE)

Handsaminga

Sømrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

#### SAK 11-07. REKNESKAP FOR 2006

Styret rår representantskapen til å gjere slikt vedtak:

1. Representantskapen godkjenner den framlagde rekneskapen slik den ligg føre.
2. Representantskapen vedtek å overføre overskotet, stort kr 3.043.402,- slik:
  - Til bunde fond slambehandling kr 355.433,-
  - Til bunde fond hushaldningsrenovasjon kr 1.917.080,-
  - Til annan eigenkapital kr 770.889,-

**VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)**

Handsaming

Vedtaket var samrøystes i tråd med tilrådinga.

**SAK 12-07. SOSIALE TILTAK 2007**

Styret vedtek å nytte kr 200.000,- til sosiale tiltak for dei tilsette, syner til skriv frå Fagforbundet og KFO. Tiltaket vert å innarbeide i revidert budsjettet for 2007, og dekke inn frå annan eigenkapital.

**VEDTAK ( 5 RØYSTEFØRE)**

Handsaminga

Sømrøystes vedteke i tråd med fellesframlegg.

**SAK 13-07. G.NR 113 B.NR 3. JOHN RØNNING**


Styret har vurdert klagen frå eigar av G.nr Bnr 113/3 om pålegg av renovasjonsavgift, og finn med visning til gjeldande renovasjonsforskrifter og faktum i saka å ikkje å kome klagen i møte. Vedtaket er endeleg og kan ikkje påklagast.

**VEDTAK ( 5 RØYSTEFØRE)**


Handsaminga


Sømrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Rett utskrift 24.04.07


  
Ann Britt Våge Fannemel  
Styreleiar

  
Ivar Aarskog

  
Odd Martin Svensli

  
Ove Lid

  
Reidun Vigestad Berge

  
Petter Bjørdal  
referent

# PROTOKOLL

## STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde møte i styret i VØR torsdag 09.11.06 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 15.30  
Møtet slutta kl. 16<sup>30</sup>

Desse møtte:

Ann Britt Våge Fannemel  
Ivar Aarskog  
Ove Lid  
Reidun Vigestad Berge  
Odd Martin Svensli

Melde avbod: Gudny Fagerhol

Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal, som førte møteboka.

Ann Britt Våge Fannemel leia møtet. Innkalling og sakliste vart godkjent uten merknader.

### SAKLISTE:

#### SAK 12-06. BUDSJETT 2007

#### VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)

Styret rår representantskapen til å gjere slikt vedtak:

Representantskapen vedtek å rå kommunestyra i Volda og Ørsta å gjere slikt vedtak:

1. Kommunestyret vedtek i medhald av lov av 21 juni 1996, nr 6 om vern mot forureining og avfall, slike satsar for avfallsgebyr for 2007.

1.1 Hushaldningsgebyr pr abonnent:	Eks mva	Inkl mva
a) Småhushald. Henting annakvar veke 140 L	kr 1815,00	kr 2268,75
b) Standardhushald Henting kvar veke 140 L	kr 2175,00	kr 2718,75
c) Storhushald. Henting kvar veke 240 L	kr 3960,00	kr 4950,00
d) Standardhushald med kompostering Henting annakvar veke 140 L	kr 1635,00	kr 2043,75
e) Samarbeid inntil 2 abonnentar, Henting annakvar veke 140L; pr abonnent	kr 1740,00	kr 2175,00
f) Samarbeid inntil 2 abonnentar, Henting kvar veke 140L; pr abonnent	kr 1940,00	kr 2425,00
g) Samarbeid 240L eller større, Henting kvar veke intil 140L; pr abonnent	kr 2045,00	kr 2556,25
h) Renovasjon hytte / fritidshus	kr 644,00	kr 805,00
i) Renovasjon hyblar	kr 1085,00	kr 1356,25
j) Henteavtale kvar veke	kr 390,00	kr 487,50
k) Henteavtale kvar 14 dag	kr 242,00	kr 302,50
1.2. Pris pr kolli sekk:	kr 49,00	kr 61,25



### 1.3 SLAM

#### HEILÅRSBUSTAD.

	Eks mva	Inkl mva
a) Gebyr pr tank inntil 4,5 m3 heilårsbustad	kr 767,00	kr 958,75
b) Gebyr for to husvære m. tank inntil 7 m3	kr 1215,00	kr 1518,75
c) Gebyr for 3 husstandar m. tank inntil 10 m3	kr 1812,00	kr 2265,00
d) Gebyr for årleg tømning av tank inntil 4,5 m3	kr 1534,00	kr 1917,50
e) Gebyr pr m3 over 4,5 m3	kr 360,00	kr 450,00
f) Gebyr pr m3 fellestankar > 10 m3	kr 290,00	kr 362,50

#### FRITIDSBUSTAD

g) Gebyr pr tank inntil 4,5 m3	kr 383,00	kr 478,75
h) Gebyr for to husvære m. tank inntil 7 m3	kr 607,00	kr 758,75
i) Gebyr for 3 husstandar m. tank inntil 10 m3	kr 880,00	kr 1100,00
j) Gebyr for årleg tømning av tank inntil 4,5 m3	kr 1534,00	kr 1917,50
k) Gebyr pr m3 over 4,5	kr 360,00	kr 450,00

Slammet skal tømast annakvart år for heilårsbustad og kvart fjerde år for fritidsbustad.

Handsaminga

Saka var utsett frå møte den 07.11.06. Vedteke samrøystes i tråd med tilråding av 09.11.06.

### SAK 14-06 ORGANISASJONSMODELL VØR FRÅ 2007

#### VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)

Styret vedtek ny organisering i VØR gjeldande frå 2007.

Handsaming

Saka var utsett frå møte den 07.11.06. Vedteke samrøystes i tråd med tilråding av 09.11.06..

### SAK 16-06 JULEBORD


#### VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)

Styret inviterar dei tilsette med følge til julebord på Hotell Loenfjord laurdag 25 – søndag 26.11.


Handsaming.

Saka var utsett frå siste møte.


Rett utskrift 09.11.06

  
Ann Britt Våg Fannemel

Styreleiar

  
Ove Lid

  
Petter Bjørdal referent

  
Ivar Aarskog

  
Odd Martin Svensli

  
Reidun Vigestad Berge

# PROTOKOLL

## STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 07.11.06 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 16.00

Møtet slutta kl. 19.00

Desse møtte:

Ann Britt Våge Fannemel

Ivar Aarskog

Ove Lid

Reidun Vigestad Berge

Odd Martin Svensli

Gudny Fagerhol

Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal og Gunn Velle Tranvåg , som førte møteboka. Ann Britt Våge Fannemel leia møtet.

Gudny Fagerhol gjekk kl. 17.45 under handsaming av sak 12-06.

Møtet starta med at Bent Nilsen, ny dagleg leiar i Retura Søre Sunnmøre, presenterte seg sjølv, og styret fekk deretter ei omvisning i nyebygget.

Reidun Vigestad Berge hadde ein kommentar til innkallinga. Det er ynskjeleg med varsel på e- post om kva dag styremøtet skal haldast. Elles var det ingen andre merknader til innkallinga.

Ann- Britt Våge Fannemel hadde ein merknad til sak 14-06. Dette er ei sak som også gjeld RSS, og styreleiar ynskte derfor kun ei drøfting av denne saka på dette møtet utan endeleg vedtak.

### SAKLISTE:

#### SAK 11-06. REFERATSAKER

- Emisjon i Rekom AS, påminning av 02.10.06 med tegningsblankett
- Grovavfallsplass på Sæbø, møtereferat frå Ørsta kommune av 06.10.06
- Protokollar frå lønsforhandlingane 02.10.06

#### SAK 12-06. BUDSJETT 2007

Saka vert utsett til nytt styremøte torsdag 09.11.06

## **VEDTAK ( 5 RØYSTEFØRE)**

Handsaming

Etter nøyaktig gjennomgang av budsjettet og påfølgande debatt foreslo administrasjonen å utsette saka til nytt styremøte.

Utsettingsforslaget vart vedtatt med tre mot to stemmer.

Ann Britt Våge Fannemel, Reidun Vigestad Berge og Odd Martin Svensli røysta for, og Ivar Aarskog og Ove Lid røysta imot.

## **SAK 13-06  INVESTERINGAR 2006 I SAMBAND MED OMBYGGING**

Styret tek sak vedkomande investeringar 2006 til vitande.

## **VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)**

Handsaming

Vedtaket var samrøystes i tråd med tilrådinga.

## **SAK 14-06  ORGANISASJONSMODELL VØR FRÅ 2007**

Saka vert utsett til nytt styremøte torsdag 09.11.06

## **VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)**

Handsaming

Med fire mot ei (Ivar Aarskog) stemme vart forslaget om utsetting av saka vedtatt.

## **SAK 15-06  REKNESKAPSRAPPORT PR. 31.08.06**

Styret tek rekneskapsrapporten til etterretning.

## **VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)**

Handsaming

Sakspapira vart lagde fram på møtet.

Vedtaket var samrøystes i tråd med tilrådinga.


## SAK 16-06 JULEBORD


Saka gav ikkje høve til vedtak

Handsaming

Styreleiar fremma forslag om å arrangere julebord på Loenfjord Hotell som i fjor. Administrasjonen skal derfor sende forespørsel til hotellet, og sjå på andre alternativ dersom det er fullt i Loen. Styret legg fram tilråding til vedtak på styremøte torsdag 09.11.

Rett utskrift 08.11.06

  
Ann Britt Våge Fannemel  
Styreleiar

  
Ove Lid

  
Gunn Velle Tranvåg referent

   
Ivar Aarskog      Odd Martin Svensli

  
Reidun Vigestad Berge

# PROTOKOLL

## STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Heldt møte på VØR

Møtedato 17.01.06

Møtet tok til 16.00

Møtet slutta 18.30

Desse møtte:

Ann Britt Våge Fannemel

Ivar Aarskog

Ove Lid

Reidun Vigestad Berge

Ivar Arne Lid

Gudny Fagerhol

Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal, som førte møteboka.

Ann Britt Våge Fannemel leia møtet. Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Gudny Fagerhol gjekk etter handsaming av sak 04-06.

### SAKLISTE:

#### SAK 01-06. REFERATSAKER

- NRF Nytt 06/05
- Tur – Retur nr 08/05- Adm. Må ta kontakt med pressa om emballasjeavgift.
- Innkalling til Generalforsamling i NRF
- Ny tilsettere representant i styret – brev frå Ove Myklebust

#### SAK 02-06. LEIGEAVTALAR MELLOM VØR OG RETURA SØRE SUNNMØRE AS.

Styret godkjenner leigeavtalane mellom VØR og RSS slik dei ligg føre.

#### VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)

Handsaminga.

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

#### SAK 03-06. FRITAK FOR AVGIFTER – ENDRA PRAKTISERING.

Med visning til forskriftene § 10 c. vedtek styret at administrasjonen frå og med avgiftsåret 2006 skal tolke dette slik:

Abonnenten kan sleppe å søkje om årleg fritak for avgift dersom ei gebyreining har stått tom i ei samanhengande periode på fem år.

Styret føreset at administrasjonen gjennom kvalitetssikringsrutiner set i verk tiltak for å sikre at alle betalingspliktige gebyreiningar er med i ordninga jfr forskriftene § 4.

#### VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)

Handsaminga.

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

## SAK NR. 04-05 PÅBYGGING AV LAGER OG ADMINISTRASJONSBYGG

Styret vedtek å bygge lager administrasjonstilbygg som synt på teikningar datert 09.12.05 innafor ei ramme på kr 2.949.531,- inkl mva.

Beløpet inkluderar prosjektering/ byggeleingsomkostnader på kr 325.000,- inkl mva.

Styret vel firmaet Ivar Aambakk AS som totalentreprenør for prosjektet og Ose Ingeniørkontor som ansvarleg for prosjektering / byggeleing.

### VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)

Handsaminga.

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

## SAK 05-06. PÅBYGGING AV MAGASIN TIL PAPIRPRESSE

Styret vedtek å investere inntil kr 700.000,- i utstyr for å effektivisere papirsorteringa til VØR. Investeringane vert å finansiere med innsparing i drifta.

Administrasjonen får fullmakt til å forhandle fram endeleg pris og vilkår med dei aktuelle leverandørar.

### VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)


Handsaminga.

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.


Rett utskrift 17.01.06

  
Ann Britt Våge Fannemel  
Styreleiar

  
Ivar Aarskog

  
Ivar Arne Lid

Ove Lid

  
Petter Bjørdal referent

  
Reidun Vigestad Berge